

RADØY KOMMUNE

Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	14.11.2012	266/12	HAS

Sakshandsamar: Hogne Askeland	Arkiv: GBNR-38/1, GBNR-98/1, GBNR- 98/10, K2-L42 Objekt:	Arkivsaknr 09/939
--------------------------------------	---	-----------------------------

GNR 38/73 HELLAND- SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - NYTT BYGG, PARKERINGSPLASS, ANLEGG, VEG - IGONGSETJINGSLØYVE - GODKJENNING

Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	06.08.2009	Ing. Taule AS	Gnr 38/1 Helland, 98/1 og 10 Mellingen - Søknad om løyve til tiltak - nytt bygg, parkeringsplass, anlegg, veg
2	I	17.08.2009	Ing. Taule AS	Gnr 38/1 Helland, 98/1 og 10 Mellingen - Gjenpart av nabovarsel
3	U	03.09.2009	Ing. Taule AS	Gnr 38/1 Helland, 98/1 og 10 Mellingen - Ny skytebane - Søknad om løyve til tiltak - nytt bygg, parkeringsplass, anlegg, veg - Mellombels svar
5	U	23.11.2009	Ing. Taule AS; Radøy Skyttarlag v/Kornelius Manger	Gnr 38/1 Helland, 98/1 og 10 Mellingen - Søknad om løyve til tiltak - nytt bygg, parkeringsplass, anlegg, veg - Oversending av vedtak
6	I	24.10.2012	Ing. Karl Atle Taule	Gnr 38/73 Helland - Søknad om igangsetting veg og parkering - Skytebane i Haukåsen
7	I	25.10.2012	Ing. Taule as	Gnr 38/73 Helland - søknad om igangsetjingsløyve
10	I	15.11.2012	Karl Atle Taule	Trekker søknad om igangsetting på deler av tiltaket
9	U	15.11.2012	Ing. Karl Atle Taule	Gnr 38/73 Helland - Skytebana Søknad om løyve til tiltak - nytt bygg, parkeringsplass, anlegg, veg - kort notat etter møte

Adresse: Hellandsvegen
Tiltakshavar: Radøy Skyttarlag
Ansvarleg søkjar: Ing. Taule as
Søknadstype: Løyve til tiltak med ansvarsrett

SAKSUTGREIING:

Tiltak

I sak 292/09, datert 19.11.09, er det gjeve rammeløyve til oppføring av nytt lagshus/skyttarhus samt bygningar for standplassar, parkeringsplass med tilkomstveg samt fundament for, og skivearrangement for skyteaktivitetar med tilkomstveg i samband med opparbeiding av ny skytebane. Skyttarhuset får eit bruksareal (NS 3940) på 482 m² BRA og eit bebygd areal på 205 m² BYA.

Det vert no søkt om ansvarsrettar og igangsetjingsløyve for heile tiltaket.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i kommuneplanen for Radøy er definert som område for skytebane. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen.

Vatn og avlaup

Tiltaket skal knytast til offentleg vassverk. Det er søkt utsleppsløyve for montering minireiseanlegg.

Avkøyrsløve

Det går fram av søknaden at ein skal nytta eksisterande avkøyrsløve frå Fylkesveg. Radøy kommune føreset at veg vert opparbeid i tråd med reguleringsplan og i samsvar gjeldane lovverk. Det må søkjast Statens vegvesen om auka bruk av utkøyrsløve frå Fylkesveg.

Situasjonsplan og terrengprofilar

Tiltaket er teikna inn med tilstrekkelig målsetting. Situasjonsplan syner plassering av bygg, parkeringsplass, avkøyrsløve og veg. Situasjonsplanen vert godkjent slik den ligg føre.

Teikningar

Det ligg føre plan-, snitt-, og fasadeteikningar av skyttarhuset. Teikningane er målsette og syner at maksimal mønehøgde vert 10 m, gjennomsnittleg mønehøgde er 8 meter. Reguleringsplanen set krav til maksimal mønehøgde 6. Tiltakshavar må søkje reguleringsendring for endra mønehøgde. Arbeida med skyttarhus kan ikkje startast opp før reguleringsendring er godkjent.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønne innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

VEDTAK:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 24.06.10, vert det gjeve IGANGSETJINGSLØYVE for følgjande tiltak, skyttarhus, standplass, skivearrangement, parkeringsplass, og tilkomstveg medhald av plan- og bygningslova

§ 20-1 (Tiltak som krever søknad om tillatelse),

§ 23-3 (Omfang og varighet av ansvaret til ansvarlige foretak),

§ 29-2 (Visuelle kvalitetar,

§ 29-4 (Byggverkets plassering, høyde og avstand frå nabogrense),

§ 27-1 (Vannforsyning),
 § 27-2 (Avløp)
 § 27-4 (Atkomst),
 Veglova §§ 40 og 43 (Avkøyrsløse frå offentleg veg) og
 krav om tilknytning, på følgjande vilkår:

1. Vilkår som er sett i rammeløyve gjeld framleis.
2. Det må søkjast Statens vegvesen om auka bruk av utkøyrsløse frå Fylkesveg.
3. Det vert vist til reglane for tilknytning til kommunal vassverk
4. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner.
5. I samband med reguleringsendring må det søkjast om endring av mønehøg.
6. Det vert å betale følgjande gebyr for denne handsaminga av søknaden Dykkar:

Plan og forvaltning:

11.2.8 Delt sakshandsaming, igangsetjingsløyve: Kr. 2.500,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

7. Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

FØRETAK	L/S *	FUNKSJON	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
Ing. Taule as	S	PRO	1	Prosjektering grunn-, terreng-, arkitektur og vantilasjon
Kvalheim VVS as	S	PRO	1	Prosjektering vatn og avløp
Anko as	S	UTF	1	Utføring utstikkings- og innmålingsarbeider
Arve Øystein Mjøs	S	UTF	1	Utføring grunn- og terrengarbeid
Ing. Taule as	S	UTF	1	Utføring tømmer- og ventilasjonsarbeid.
Kvalheim VVS as	S	UTF	1	Utføring vatn- og avlaupsanlegg.

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Byggverket si plassering på tomte skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon skal sendast inn saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve. Ved evt. avvik skal det søkjast om endring av løyve.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg søkjar skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10, og oppdatert gjennomføringsplan skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Sjå vedlagde orientering om klagerett.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: **09/939**

Tonje Nepstad Epland
Leiar plan, næring og teknisk/Juridisk rådgjevar

Hogne Askeland
Prosjektkoordinator

Kopi til:

Ing. Karl Atle Taule
Radøy Skytterlag

Kvassnesveien 33
Radøyvegen 1739

5914 ISDALSTØ
5936 MANGER